



Rustne Menn saman med Magne Huglen inviterer til Pubkveld med presetasjon av songhefte.

Fredag 18. september vert det pubkveld i Dønhaugkjedlaren der Rustne Menn presenterer nytt songhefte. Det vert allsong og framføring av eige stoff. Maks gjestetel er 30 personar som alle må vera førehandspåmelde med namn. Smittereglane gjeld og det vert berre servering ved bordet.

Frå føreordet i hefte Syng med les vi at Rustne Menn høyrer heime i Uskedalen. Før namnet vart Rustne Menn var Reidar Myklebust og Kristian Bringedal sentrale personar i ei song- og musikkgruppe. Hans Gustav Musstrand har vore med på fleire framføringar, mellom anna på Vertshuset med Evert Taube program og arrangement med allsong. Svein Rimestad kom med i 2015 og då Tore Nordahl-Pedersen flytta til Uskedalen frå Os i 2016, var gruppa komplett med bass, gitarar og trekkspel.

Reidar si helse gjorde at han ikkje kunne vera med frå hausten 2018. Etter den tid har Rustne Menn vore ein trio.

I songhefte Syng med finn du 80 songar, det meste frå allsongrepetoaret, men også poplåtar og slagermelodiar. Irsk song og musikk er representert, noko som vil fungera godt i puben på Dønhaug.

Songane i hefte er ordna alfabetisk og Rustne Menn har så langt det let seg gjera vald ut ein song frå kvar bokstav i alfabetet. Starten er Anne Madam og slutten er Vigelandsvalsen i den lokale versjonen Uskedalsvalsen. I kvar avdeling framfører Rustne Menn eige stoff solo.

Inngangspengar kr 100,- som vert betalt ved å vippsa til telefon 979 86 500. Dermed er du påmeld. Du kan også melda deg på til Tore Nordahl-Pedersen. Hugs at det er avgrensa plass, maks 30 personar i lokale.

Pubkvelden tek til kl. 20.00. Ver tidleg ute og ver velkomne til ein gild kveld i godt lag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ronny Pedersen